
Vår referanse 2021/17571-3
Dato 03.05.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Kai og flytebrygge - Fv. 5476 Lurevegen - Gnr 62 bnr 62, 66 og 67 - Tofting - Alver kommune

Vi viser til brev mottatt 08.04.2021.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om oppføring av kai og flytebrygge på gnr. 62 bnr. 66 og 62 i Alver kommune. Arealet er regulert gjennom ein eldre disposisjonsplan *Toftingneset. Detaljplan. Del av gnr. 62 bnr. 3 PlanId 1263-20061969*.

Det er mottatt to likelydane søknader om naust, kai og flytebrygge innanfor planområdet. Begge søknadene vert svart ut med dette brev.

Saksgang:

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker. I dette brevet uttalar vi oss som samferdslemynde på fylkesveg. Vidare saksgang må avklare om tiltaket er søknadspliktig etter veglova.





Fig: Situasjonsplan vedlagt dei to søknadane.

Uttale:

Eigedomen har avkøyrsløse frå fylkesveg 5476 Lurevegen. Krav om avkøyrsløse etter veglova omfattar også fritidsbustader, naust og kaianlegg. Gnr. 62 bnr. 62, 66 og 67 er regulert gjennom eit eige planarbeid, men planen omfattar ikkje avkøyrsløse frå offentleg veg. Vanleg praksis er då at ein må søkje om avkøyrsløse for kvart einskilde tiltak.

Tiltakshavar opplyser at avkøyrsløse frå fylkesvegen til planområdet allereie er opparbeidd og dimensjonert for den bruken som det er lagt opp til innanfor planområdet. Dette må dokumenterast

av søkjar. Slike dokument følgjer ofte byggjesaka. Eventuelt kan ein finne dokument på Statsarkivet i Bergen, som oppbevarer saker på vegner av Vestland fylkeskommune for saker tidlegare enn 2002.

Dersom søkjar ikkje kan dokumentere eit slikt bruksløyve må det søkjast på nytt. Ved ein eventuell ny søknad vil vurdere avkøyrslforholda etter regelverket som gjeld i dag.

Vestland fylkeskommune ber kommunen ta stilling til kva status detaljplanen har for nye tiltak innanfor planområdet. Disposisjonsplanen er frå 1969. Planen vart vedtatt før fylkesvegen var bygd, og det er uvisst om det er samsvar mellom det som er planlagt og det som er bygd. Det er vanskeleg å ta stilling til om det er tatt tilstrekkelege omsyn til framkome og trafikktryggleiken på vegen gjennom dette planarbeidet. Planen viser til dømes ikkje krav til utforming av avkøyrsl eller byggjegrænse langs offentleg veg. Vi stiller spørsmål ved om planen er tilstrekkeleg oppdatert til gjeldande lovverk jf. plan og bygningslova § 12-4.

Sluttord:

Vestland fylkeskommune meiner i utgangspunktet at området bør regulerast gjennom eit nytt planarbeid som og omfattar avkøyrsl frå offentleg veg, og som er oppdatert i høve til dagens regelverk.

Vi ber søkjar leggje fram dokumentasjon på godkjent avkøyrsløyve for tiltaket. Dersom ikkje eit slikt løyve kan leggjast fram må det søkjast på ny.

Vi ber om å kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD
BERGEN

Kaigaten 9